



HORNINDAL KOMMUNE

UTVIKLINGSETATEN

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Journaldato 11/5-10

Landbruks- og matdep.	
2010/ 67	109
14. MAI 2010	ASR/ SEB
IAA	410

Vår ref.
10/227-2/ V21 //PIKA

Dykkar ref.
201000067-/IAA

Dato:
10.05.2010

Forslag om endring i forskrift om nydyrking - høyringsuttale

Hornindal kommune har aktivt landbruk med ca. 197 landbrukseigedomar og 10 842 da dyrka mark. 77 av disse søkte produksjonstillegg i 2009. Mykje av det dyrka arealet i kommunen er oppdyrka myr. Hornindal er ein relativt brei U-dal, og er her er ikkje så knapt med areal som ein har i mange andre vestlandskommunar. Hornindal har store areal som eignar seg for nydyrking. Noko av dette er relativt grunne myrområde på underlag av grus. I næringsplanen for Hornindal står det at ein ønskjer å innføre tilskot for nydyrking.

For å halde på optimisme og inntektsgrunnlag i landbruket er det naudsynt at dei som tek over gardane får moglegheit til utviding av produksjonsarealet. Aktivt landbruk vil gi levande grøne bygder. Auka planteproduksjon på jordarealet og i skogen gir auka fotosyntese og auka CO₂-binding.

Det bør ikkje vere strengare reglar for omdisponering av myr til nydyrking etter jordlova enn til ulike føremål etter plan- og bygningslova. All drenering som gir omdanning av torvlaget vil føre til auka klimautslipp. Oppdyrking til god dyrka jord med god jordkultur vil gi eit jordsmonn som framleis inneheld organisk materiale. Dette vil difor samla gi lågare klimautslipp enn bruk av myr til vegar og tomtar. På den nydyrka myra vil det også bli planteproduksjon og fotosyntese som bind CO₂. Det er difor to moment som gjer at nydyrking av myr er meir gunstig for klimaet enn omdisponering av myr til andre føremål. Ein bør vurdere å flytte heile nydyrkingsforskrifta til plan- og bygningslova, og ha felles reglar for omdisponering av myr. Sder må ein objektivt vurdere kva samla verknad det aktuelle tiltaket får på klimaet.

Ein bør i reglane skilje mellom myr som ligg inn til eller mellom eksisterande dyrka areal og myr som ligg i urørte område langt frå eksisterande dyrka mark.

Voner de vil ta våre merknadar til følge.

Med helsing

Per Ingebrigt Karbø
Næringsjef

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane

Landbruksavdelinga

6801

FØRDE